



**Vedtekter for Åmli kommunale barnehagar**  
Gjeldande frå 1. august 2023

Vedtatt i kommunestyret 25.05.2023

# INNHOLD:

§ 1	Eigarforhold og forvaltning .....	3
§ 2	Formål.....	3
§ 3	Barn og føresette sin medverking.....	3
§ 4	Personale og bemanning.....	4
§ 5	Tieplikt og opplysningsplikt .....	4
§ 6	Politiattest .....	4
§ 7	Samordna opptak og opptaksperiode .....	4
§ 8	Opptaksriterier.....	5
§ 9	Oppseiing .....	6
§ 10	Foreldrebetaling og økonomi .....	6
1.1	<i>Oppholdsavgift</i> .....	6
1.2	<i>Faktura</i> .....	7
1.3	<i>Betalingssatsar for opphold og kost</i> .....	7
1.4	<i>Søskenmoderasjon</i> .....	7
1.5	<i>Reduksjon av foreldrebetaling</i> .....	7
1.6	<i>Gratis kjernetid for 2-, 3-, 4- og 5 åringar</i> .....	7
§ 11	Opningstid og ferier .....	8
§ 12	Arealutnytting .....	8
§ 13	Helsetilsyn.....	8
§ 14	Spesialpedagogisk hjelp.....	8
§ 15	Internkontroll .....	9
§ 16	Årsplaner.....	9
§ 17	Endringar og anna.....	9

## § 1 Eigarforhold og forvaltning

Åmli kommune eig og driv dei kommunale barnehagane i Åmli, som er Beverborga barnehage, Mosberg barnehage og barnehageavdelinga på Dølemo Oppvekstsenter. Barnehagane blir drive i samsvar med gjeldande Lov om barnehager med forskrifter, Rammeplan for barnehagar, kommunale vedtak og planar for den einskilde barnehage.

## § 2 Formål

Formålsparagrafen i barnehageloven § 1 er overordna for verksemda:

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»*

## § 3 Barn og føresette sin medverking

For å sikre samarbeidet med heimen til barna skal kvar einskild barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, jf. § 4 i Lov om barnehager. Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for synet sitt på den daglege verksemda i barnehagen. Synspunktet til barnet skal tilleggast vekt i samsvar med alderen og modninga til barnet.

Foreldrerådet er samansett av dei føresette til barna i barnehagen, og skal fremme fellesinteressene deira og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal bli informert om og ha rett til å uttale seg i saker som er viktige for dei føresette sitt forhold til barnehagen. Ved avstemming i foreldrerådet blir det gitt ein stemme for kvart barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet er samansett av representantar frå dei føresette, kommunen og dei tilsette i barnehagen slik at kvar gruppe er likt representert. Einingsleiar/styrar for barnehagen har møte- og uttalerett, men ikkje stemmerett. Einingsleiar/styrar er sekretær for samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv. Einingsleiar/styrar er ansvarleg for at dette blir gjort.

Kommunen kan jf. § 5 i Lov om barnehager vedta å ha felles samarbeidsutval for skule og barnehage der barnehage og skule er knytt til same bygning. Dølemo Oppvekstsenter har difor eit felles samarbeidsutval.

## § 4 Personale og bemanning

Barnehagen skal ha ein forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing. Barnehagen skal ha ein styrar som har utdanning som barnehagelærar eller anna høgskuleutdanning som gir barnefagleg og pedagogisk kompetanse, jf. § 24 i Lov om barnehager.

Det skal jf. § 26 i Lov om barnehager være minimum ein pedagogisk leiar per 14 barn når barna er over 3 år, og ein pedagogisk leiar per 7 barn når barna er under 3 år. Resten av grunnbemanninga skal vere minimum ein vaksen per 6 barn når barna er over 3 år, og ein vaksen per 3 barn når barna er under 3 år.

## § 5 Teieplikt og opplysningsplikt

Alle tilsette i barnehagen har teieplikt i forhold til forvaltningslova §§ 13 til 13 f og Lov om barnehager § 44.

Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta og til barnevernstenesta jf. Lov om barnehager § 45 og 46.

## § 6 Politiattest

Etter Lov om barnehager § 30 skal alle som arbeider eller oppheld seg regelmessig i barnehagen, legge fram tilfredsstillande politiattest.

## § 7 Samordna opptak og opptaksperiode

Alle godkjente barnehagar i kommunen skal samarbeide om opptak av barn i samsvar med Lov om barnehager § 17 og forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage.

Jf. § 6 i Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage kan søker som får avslag på søknad om barnehageplass og søker som ved tildeling av barnehageplass verken får sitt første eller andre ønske om barnehageplass oppfylt, klage på avgjera. Retten gjelder berre søker som har søkt om barnehageplass innan søknadsfrist kommunen fastsetter etter Lov om barnehage § 16.

Kommunens klageorgan er klageinstans.

Åmli kommune har hovudopptak kvart år med søknadsfrist 1. mars.

Etter hovudopptaket blir det fortløpende gjort supplerande opptak, men då berre for dei kommunale barnehagane. Dersom du etter hovudopptak vil söke plass i privat barnehage, må du ta kontakt med denne. Nye søknader som kjem inn etter fristen for hovudopptak, blir sette på venteliste etter dei som har rett på plass. Det er opptakskriteria som avgjør plasseringa på ventelista, ikkje tidspunktet for søknaden.

Alle sökjarar med rett til plass, og som ikkje har plass frå før, vil få tilbod om plass i hovudopptaket. Retten til plass gjeld frå 1. august og opptaket gjeld, dersom plassen ikkje vert oppsagt frå ein av partane, ut juli månad det året barnet begynner på skule.

Ved supplerande opptak er oppstart 1. eller 16. i månaden.

Søknad om opptak / endring av dagar, skal gjerast elektronisk på heimesida til kommunen: [www.amli.kommune.no](http://www.amli.kommune.no)

Som hovudregel blir barnehageplassen tildelt foreldre/føresette som er busett eller skal busette seg i Åmli kommune. Ved barnehageoppstart må barnet vere folkeregistrert i Åmli. Ved ledig kapasitet kan barn frå andre kommunar få tilbod om plass, men berre for eitt år av gongen. Åmli kommune og barnet sin heimkommune må i så fall gjere ein avtale i høve til refusjon.

## § 8 Opptakskriterier

Barn har rett til plass i barnehage etter Lov om barnehager § 16.

*«Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det sökes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det sökes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.»*

I den grad det må gjerast prioriteringar ved inntaket, skal dei gjennomførast slik, jf. § 18 i Lov om barnehager;

*«Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.»*

*Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barnevernstjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har prioritet ved opptak i barnehage.»*

*«Begrepet nedsatt funksjonsevne omfatter ulike fysiske funksjonsnedsettelse, utviklingshemming, språk- og talevansker, adferdsvansker og psykiske lidelser. Ikke enhver funksjonsnedsettelse gir ikke rett til fortrinn ved opptak»* jf. merknader § 18 i Lov om barnehager.

Blant sökjarar med rett til plass etter barnehageloven § 16 blir sökjarar prioritert etter følgande kriterier:

1 Familiar med alvorleg sjukdom

Med sjukdom forstår ein i denne samanheng alvorleg sjukdom eller funksjonshemming hos foreldre eller søsken til barnet.

Dokumentasjonskrav: Erklæring frå lege eller spesialist

2 Søsken

Gjeld søknad til same barnehage som søsken har plass i.

3 Barn av unge einslege foreldre skal prioriterast med barnehageplass i sitt nærområde. Dette gjeld foreldre som er 19 år eller yngre i opptaksåret.

4 Andre søkerar med rett til plass

Plass blir tildelt etter alder innanfor aldersgruppene 3-5 år og 1-2 år. Det eldste barnet skal tildelast plass først, ein legg til grunn fødselsdato for å avgjere rekkefølgja på søkerane.

## § 9 Oppseiing

Kommunale barnehagar har gjensidig oppseiingsfrist på 1 månad. Oppseiinga skal vere skriftleg.

Oppseiingstid vert rekna frå den 1. i komande månad etter oppseiing. Det vert fakturert for oppseiingsmånaden.

Etter 31. mars kan ein ikkje seie opp plassen for resten av barnehageåret utan særlege grunnar (flytting frå kommunen, langvarig sjukdom eller arbeidsløyse). Vert plassen sagt opp etter 31. mars, må ein betale ut t.o.m. juni månad.

Kommunen kan seie opp ein barnehageplass til dømes ved manglende foreldrebetaling, ved flytting ut av kommunen, eller dersom plassen er tildelt ut frå feil opplysningar.

Dersom ein ønskjer å flytte barnet frå kommunal til privat barnehage (eller motsett), må ein skriftleg seie opp plassen du har, og søkje om ny plass i den nye barnehagen. Ein kan ikkje bruke overflyttingsfunksjonen i det elektroniske søknadsskjemaet.

## § 10 Foreldrebetaling og økonomi

Kommunestyret fastset betalingssatsar for opphold og kost i barnehagen. Betalingssatsen for opphold blir vurdert årleg i samband med budsjettbehandlinga. Gjeldande satsar er i tråd med retningsgjevande maksimalsatsar og vert regulert i tråd med endringa av desse.

I Åmli kommunale barnehagar blir det gitt tilbod om 40, 60, 80 el. 100 % plass.

Det er ikkje mogleg å ha eit tilbod med ulike dagar eller ulikt tal på dagar i odde- og partalsveker.

### 1.1 Opphaldsavgift

1.1.1 Betalinga skjer den 30. i kvar månad

1.1.2 Får barnet tildelt plass den 1. i månaden, må ein betale for heil månad. Får barnet tildelt plass den 16., vert det betalt for halv månad.

1.1.3 Endringar i opphalstdista blir rekna frå den 1. eller den 16. i kvar månad.

1.1.4 Det skal betalast for 11 månader per år. Juli månad er betalingsfri. Dersom føresette tek barnet ut av barnehagen i ferie meir enn dei fire pålagte vekene, gir dette ikkje reduksjon i betalinga.

1.1.5 Dersom barnet er borte meir enn ei veke grunna sjukdom, og det vert levert legeattest, skal det ikkje betalast ut over den eine veka.

- 1.1.6 Ved for sein henting av barn blir føresette fakturert med kr. 100,- per påbyrja kvarter.
- 1.1.7 Ein kan kjøpe enkeltdagar i barnehagen når dette er mogleg. Dette kostar kr. 300,- per dag for opphold og kr. 20,- per dag for kost. Tilbodet gjeld dei som allereie har deltidsplass i barnehagen.

## **1.2 *Faktura***

- 1.2.1 Åmli kommune har fakturagebyr på utsendt faktura.

## **1.3 *Betalingssatsar for opphold og kost***

- 1.3.1 Dei gjeldande satsane for opphold og kost ligg på heimesida til Åmli kommune [www.amli.kommune.no](http://www.amli.kommune.no)

## **1.4 *Søskenmoderasjon***

- 1.4.1 Søskenmoderasjon er 30% for barn nummer to og 100% for tredje eller fleire barn. Viss søsken har ulik oppholdstid, er det barnet med lengst oppholdstid som betaler full sats.
- 1.4.2 Kostpengar og kjøp av ekstradagar blir ikkje omfatta av søskenmoderasjonen.

## **1.5 *Reduksjon av foreldrebetaling***

- 1.5.1 Føresette kan søkje om redusert foreldrebetaling dersom prisen på barnehageplassen overstig 6% av samla brutto inntekt for husstanden.
- 1.5.2 For å få reduksjon i foreldrebetalinga, må det søkast elektronisk i Vigilo.
- 1.5.3 Dokumentasjon er skattemeldinga for det siste året, som skal ligge ved søknaden. Med «husstand» meiner ein også sambuar.
- 1.5.4 Godkjente søknader om redusert foreldrebetaling vil tre i kraft månaden etter at søknaden er mottatt, og er gyldige for eitt barnehageår av gangen.

## **1.6 *Gratis kjernetid for 2-, 3-, 4- og 5 åringer***

- 1.6.1 Alle 2-, 3-, 4- og 5 åringer, og barn med utsett skulestart, som bur i hushaldningar med låg inntekt har rett til å få 20 timer gratis opphold i barnehagen per uke.
- 1.6.2 For å få gratis kjernetid, må det søkast elektronisk i Vigilo.
- 1.6.3 Dokumentasjon er skattemeldinga for siste året, som skal ligge ved søknaden. Med «husstand» meiner ein også sambuar.
- 1.6.4 Godkjente søknader om gratis kjernetid vil tre i kraft månaden etter at søknaden er mottatt, og for eitt barnehageår av gangen.

Inntektsgrensa for reduksjon i foreldrebetaling og gratis kjernetid vert bestemt av Stortinget i samband med det årlege budsjettarbeidet.

## § 11 Opningstid og ferier

Barnehageåret er fra 01.08. til 31.07. påfølgjande år.

Barnehagane i Åmli har opningstid fra kl. 07.00 til 16.30. Kommunestyret fastset opningstida for barnehagen.

Barnehagen har opent alle verkedagane i året med unntak av laurdagar, fem avtalebestemte planleggingsdagar, julafoten, nyttårsaften, onsdag før skjærtorsdag og tre veker om sommaren. Det er vekene 28, 29 og 30.

Alle barn i barnehagen skal ta ut 4 veker ferie kvart år. Tre veker skal vere samanhengande. Den fjerde ferieveka kan delast opp i enkeltdagar. Føresette må spesifisere når feriedagar skal takast ut. Dei som skal begynne i 1. klasse, må ha tatt ut sin 4. ferieveke innan 1. august det året dei begynner på skulen.

Ferie som skal takast ut om sommaren, i tillegg til dei tre vekene i juli, må meldast frå om til barnehagen innan 15. april 1. mai inneverande år.

Organisering av Mosberg barnehage og Dølemo oppvekstsenter avdeling barnehage dei dagane i samband med skulens påske- og juleferie som ikkje er spesifikt nemnt over:

Ved dagar med færre enn tre barn blir det gitt barnehagetilbod i Beverborga barnehage. Barna må leverast og hentast i Beverborga barnehage. Ein tilsett frå Mosberg barnehage og Dølemo oppvekstsenter avdeling barnehage vil vere til stades i Beverborga barnehage desse dagane i tidsrommet 08:00-15:30.

## § 12 Arealutnytting

Åmli kommune følgjer barnehageloven sin veilegende arealnorm som er 4 kvm netto pr. barn over tre år og 5,3 kvm netto pr. barn under tre år. Ut arealet i barnehagen bør være om lag seks gonger så stort som leike- og oppholdsarealet inne.

## § 13 Helsetilsyn

Barnehagane står under tilsyn av helsemyndighetene. Jf. Lov om barnehager § 50 skal det leggjas fram erklæring om barnets helse når barnet begynner i barnehagen. Opplysningane behandlas konfidensielt og bevarast etter personopplysningslova.

## § 14 Spesialpedagogisk hjelp

Barn under opplæringspliktig alder har rett til hjelpeforetak om spesialpedagogisk hjelpeforetak dersom de har særlig behov for det jf. Lov om barnehager § 31.

Før kommunen fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelpeforetak skal det føreligge ein sakkyndig vurdering av om barnet har særlig behov for spesialpedagogisk hjelpeforetak.

## § 15 Internkontroll

Barnehagen følger forskrift om miljørettet helsevern for barnehager og skoler, samt forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheten.

## § 16 Årsplaner

Barnehagen er jf. Lov om barnehager § 2 forpliktet til å ha ein årsplan med utgangspunkt i Rammeplanen.  
Planen skal godkjennast av samarbeidsutvalet.

## § 17 Endringar og anna

Eventuelle endringar i vedtektena vedtakast i Kommunestyret. Formannskapet har fullmakt til å foreta kurante justeringar i vedtektena.

På områder som ikkje er nemnt, følgjer ein gjeldande Lov om barnehager og forskrifter.

